

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/22

av 19. april 2002

om godkjenning av program med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane(*)

[meldt under nummeret K(2002) 1435]

(2002/304/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og akvakulturprodukter⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 98/45/EF⁽²⁾, særleg artikkel 10 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Ein medlemsstat kan leggje fram for Kommissjonen eit program som seinare kan nyttast som grunnlag for å innleie framgangsmåttane for at ei sone eller eit oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, skal få status som godkjend sone eller godkjent oppdrettsanlegg med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og/eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN).
- 2) Programma med omsyn til VHS i visse område i Danmark vart godkjende ved kommisjonsvedtak 96/221/EF⁽³⁾, endra ved vedtak 2001/485/EF⁽⁴⁾.
- 3) Programma med omsyn til VHS og IHN i visse område i Tyskland vart godkjende ved kommisjonsvedtak 2000/312/EF⁽⁵⁾.
- 4) Programma med omsyn til VHS og IHN i visse område i Frankrike vart godkjende ved kommisjonsvedtak 94/863/EF⁽⁶⁾.
- 5) Programma som Italia har lagt fram med sikte på at soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, skal få status som godkjende med omsyn til VHS og IHN, vart godkjende ved kommisjonsvedtak 2001/576/EF⁽⁷⁾.
- 6) Programmet med omsyn til VHS og IHN som vert nytta i Finland, vart godkjent ved kommisjonsvedtak 95/479/EF⁽⁸⁾.
- 7) Spania har lagt fram eit program med sikte på at det autonome området La Rioja skal få status som godkjend sone med omsyn til VHS og IHN.

- 8) Italia har lagt fram fleire program med sikte på at den autonome provinsen Bolzano og elva Astico skal få status som godkjend sone med omsyn til VHS og IHN.
- 9) Dei programma som Spania og Italia har lagt fram, gjev nærmare opplysningar om den geografiske plasseringa av dei aktuelle sonene og oppdrettsanlegga, kva tiltak som skal gjerast av offentlege styresmakter, kva framgangsmåtar som skal følgjast av dei godkjende laboratoria, kor utbreidde dei aktuelle sjukdommane er og kva tiltak som skal gjerast for å motkjempe sjukdommane når dei vert påviste.
- 10) Dei framlagde programma er funne å vere i samsvar med føresegnene i artikkel 10 i direktiv 91/67/EØF. Desse programma bør difor godkjennast.
- 11) Av omsyn til klarleiken bør det utarbeidast samla lister over høvesvis alle soner og oppdrettsanlegg der det er sett i verk eit godkjent program med sikte på å gje dei status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane VHS og/eller IHN.
- 12) Vedtak 94/863/EF, 95/479/EF, 96/221/EF, 2000/312/EF og 2001/576/EF bør difor opphevast og bytast ut med dette vedtaket.
- 13) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Dei programma som er lagde fram for å gje ei sone status som godkjend med omsyn til fiskesjukdommane VHS og/eller IHN, og som er førde opp i vedlegg I, er godkjende.
2. Dei programma som er lagde fram for å gje eit oppdrettsanlegg status som godkjent med omsyn til fiskesjukdommane VHS og/eller IHN, og som er førde opp i vedlegg II, er godkjende.

Artikkel 2

Dei medlemsstatane som det gjeld, skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dei godkjende programma.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 104 av 20.4.2002, s. 37, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 29/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 14.

⁽¹⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 189 av 3.7.1998, s. 12.

⁽³⁾ TEF L 74 av 22.3.1996, s. 42.

⁽⁴⁾ TEF L 176 av 29.6.2001, s. 64.

⁽⁵⁾ TEF L 104 av 29.4.2000, s. 80.

⁽⁶⁾ TEF L 352 av 31.12.1994, s. 73.

⁽⁷⁾ TEF L 203 av 28.7.2001, s. 23.

⁽⁸⁾ TEF L 275 av 18.11.1995, s. 23.

Artikkel 3

Vedtak 94/863/EF, 95/479/EF, 96/221/EF, 2000/312/EF og 2001/576/EF vert oppheva.

Tilvisingar til dei oppheva vedtaka skal forståast som tilvisingar til dette vedtaket.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 19. april 2002.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG I

SONER DER DET ER SETT I VERK GODKJENDE PROGRAM MED SIKTE PÅ Å GJE DEI STATUS SOM GODKJEND SONE MED OMSYN TIL FISKESJUKDOMMANE VHS OG/ELLER IHN

1. *SONER I DANMARK DER DET ER SETT I VERK EIT GODKJENT PROGRAM MED SIKTE PÅ Å GJE DEI STATUS SOM GODKJEND SONE MED OMSYN TIL VHS*
 - nedbørfeltet FISKEBÆK Å,
 - alle DELAR AV JYLLAND sør og vest for nedbørfelta til Storåen, Karup Å, Gudenåen og Grejs Å,
 - alle DANSKE ØYAR.
2. *SONER I TYSKLAND DER DET ER SETT I VERK EIT GODKJENT PROGRAM MED SIKTE PÅ Å GJE DEI STATUS SOM GODKJEND SONE MED OMSYN TIL VHS OG IHN*
 - ei sone i nedbørfeltet til «WOLFEGGER AACH UND ROHRSEE»,
 - ei sone i nedbørfeltet til «OBERN NAGOLD»,
 - sona «GROSSE LAUTER» i nedbørfeltet til Donau.
3. *SONER I SPANIA DER DET ER SETT I VERK EIT GODKJENT PROGRAM MED SIKTE PÅ Å GJE DEI STATUS SOM GODKJEND SONE MED OMSYN TIL VHS OG IHN*
 - det autonome området LA RIOJA.
4. *SONER I FRANKRIKE DER DET ER SETT I VERK EIT GODKJENT PROGRAM MED SIKTE PÅ Å GJE DEI STATUS SOM GODKJEND SONE MED OMSYN TIL VHS OG IHN*
 - FORGES,
 - NIVE og NIVELLES,
 - ÉLORN.
5. *SONER I ITALIA DER DET ER SETT I VERK EIT GODKJENT PROGRAM MED SIKTE PÅ Å GJE DEI STATUS SOM GODKJEND SONE MED OMSYN TIL VHS OG IHN*

5.1. Den autonome provinsen Bolzano

ZONA PROVINCIA DI BOLZANO

- Sona omfattar alle nedbørfelt i provinsen Bolzano.
Sona omfattar den øvre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE, dvs. nedbørfelta til elva Adige, frå kjelda i provinsen Bolzano fram til grensa mot provinsen Trento.
(NB: Den nedre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE er omfatta av det godkjende programmet til den autonome provinsen Trento. Dei øvre og og nedre delane av denne sona skal reknast som éi epidemiologisk eining.)

5.2. Den autonome provinsen Trento

ZONA VAL DI SOLE E DI NON

- nedbørfeltet frå kjelda til elva Noce fram til demninga S. Giustina.

ZONA VAL DEL FERSINA

- nedbørfeltet frå kjelda til elva Fersina fram til fossen Ponte Alto.

ZONA VAL DELL'ADIGE — den nedre delen

- nedbørfeltet til elva Adige og kjeldene hennar innanfor territoriet til den autonome provinsen Trento, frå grensa mot provinsen Bolzano til demninga Ala (vasskraftverk).
(NB: Den øvre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE er omfatta av det godkjende programmet til den autonome provinsen Bolzano. Dei øvre og og nedre delane av denne sona skal reknast som éi epidemiologisk eining.)

ZONA VAL RENDENA, ALTO E BASSO SARCA

- nedbørfeltet til elva Sarca, frå kjelda fram til demninga Torbole (vasskraftverk). Sona er delt opp av demninga Ponte Pià, bortsett frå bassenga til fjellelvane Manes, Arnò og Ambies og bassenget til Valle dei Laghi.

ZONA TORRENTE ARNÒ

- nedbørfeltet til fjellelva Arnò, frå kjelda fram til demninga nedstraums før staden der fjellelva Arnò og elva Sarca møtest.

ZONA VAL BANALE

- nedbørfeltet til elva Ambies, fram til demninga ved eit vasskraftverk.

ZONA VARONE

- nedbørfeltet frå kjelda til elva Magnone fram til fossen.

ZONA VAL DI LEDRO

- nedbørfeltet frå bassenga til fjellelvane Massangia og Ponale fram til vasskraftverket.

ZONA ALTO E BASSO CHIESE

- nedbørfeltet til elva Chiese, frå kjelda fram til demninga Condino, bortsett frå bassenga til fjellelvane Adanà og Palvico.

ZONA TORRENTE PALVICO

- nedbørfeltet til fjellelva Palvico, fram til ei demning av betong og stein.

ZONA VALSUGANA

- nedbørfeltet til elva Brenta, fram til demninga Marzotto.

5.3. Regionen Veneto**ZONA TORRENTE ASTICO**

- nedbørfeltet til elva Astico, frå kjelda (i den autonome provinsen Trento og i provinsen Vicenza, regionen Veneto) fram til demninga i nærleiken av Pedescala bru i provinsen Vicenza.

Den nedre delen av elva Astico, mellom demninga i nærleiken av Pedescala bru og demninga Pria Maglio, vert rekna som ei buffersone.

ZONA BELLUNO

- nedbørfeltet til provinsen Belluno, frå kjelda til elva Ardo fram til demningane (før staden der elva Ardo renn ut i elva Piave) nedanfor oppdrettsanlegget Centro Sperimentale di Acquacoltura, Valli di Bolzano Bellunese, Belluno.

6. SONER I FINLAND DER DET ER SETT I VERK EIT GODKJENT PROGRAM MED SIKTE PÅ Å GJE DEI STATUS SOM GODKJEND SONE MED OMSYN TIL VHS OG IHN

- FINLAND⁽¹⁾.

⁽¹⁾ Medrekna alle fastlands- og kystområde.

*VEDLEGG II***OPPDRETTSANLEGG I ITALIA DER DET ER SETT I VERK EIT PROGRAM MED SIKTE PÅ Å
GJE OPPDRETTSANLEGG I SONER SOM IKKJE ER GODKJENDE, STATUS SOM GODKJENT
OPPDRETTSANLEGG MED OMSYN TIL VHS OG IHN**1. *REGION: FRIULI VENEZIA GIULIA, PROVINSEN UDINE***Oppdrettsanlegg i nedbørfeltet til elva Tagliamento:**

- Ente Tutela Pesca del Friuli Venezia Giulia, impianto di Forni di Sotto,
- Ente Tutela Pesca del Friuli Venezia Giulia, impianto di Grauzaria di Moggio Udinese,
- Ente Tutela Pesca del Friuli Venezia Giulia, impianto di Amaro,
- Ente Tutela Pesca del Friuli Venezia Giulia, impianto di Somplago — Mena di Cavazzo Carnico,
- Azienda Vidotti Giulio s.n.c., Sutrio.

2. *REGION: DEN AUTONOME REGIONEN VALLE D'AOSTA***Oppdrettsanlegg i nedbørfeltet til elva Dora Baltea:**

- Stabilimento ittiogenico regionale, Morgex, Rue Mont Blanc 14.

3. *REGION: REGIONEN VENETO***Oppdrettsanlegg i nedbørfeltet til elva Brenta:**

- Polo Guerrino, Via S. Martino 51, Loc. Campese, Bassano del Grappa, Province of Vicenza.
-